



Er du en av våre nye

# PRODUKSJONS- MEDARBEIDERE?

Vi har ledige stillinger



[Les mer her](#)

Nyhende →

## Nærbutikken har blitt høgteknologisk

Fredag var det markering av at butikken i Ålfoten har fått lengre opningstid og blitt delvis sjølvbetent.



Det ærefulle oppdraget med snorklipping med gullsaks stod bunadskledde Kristense Myklebust for. **FOTO:** ANNE MARIE RUUD

[Per Ole Lefdalsnes](#)

Oppdatert: 21 timar sidan

Nyordninga er blitt praktisert sidan i sommar, og erfaringane er svært gode med nøgde kundar.

## Lang opningstid

Butikken er no open frå tidleg om morgonen til seint på kvelden seks dagar i veka. Den lange opningstida er ein fordel for mange. Ein kan no handle i heimbygda både før ein dreg på jobb og etter jobb. Hyttefolket er også glade for sein opningstid. Alt i alt betyr det mindre stress for kundane, og større omsetnad for Nærbutikken.

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN



VI SØKER SJÅFØR  
for køyring av betongbil og pumpebil

EID BETONG AS | Søknadsfrist  
30.08.2024

Les meir >

## Framleis betening

Dagleg leiar, Vidar Solheim, fortel at ingen av dei tilsette har mist jobben. Framleis vil det vere i alt fem tilsette på deltid. Det vil alltid vere tilsette til stades i butikken store delar av dagen. Men det vil ikkje vere faste folk i tradisjonell kasse.

Solheim er oppteken av å vere kundefokusert og framleis kunne yte god service til kundane. Elles blir jobben for dei tilsette utplassering av varer i hyllene, varebestilling og anna praktisk arbeid.



Dagleg leiar i Nærbutikken i Ålfoten, Vidar Solheim, er stolt over den vellukka omlegginga til høgteknologi og lengre opningstid. Det har vore ei investering på om lag 1,2 millionar kroner, fagleg assistanse frå Merkur og enorm dugnadsinnsats av bygdefolket. **FOTO: ANNE MARIE RUUD**

## Slik fungerer teknologien

Vidar Solheim viser korleis den delvis sjølvbetente butikken fungerer. For å komme inn i butikken før og etter ordinær opningstid, skannar ein bankkortet eller mobilen på ein automat. Slik låser ein opp døra.

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN

INNONSE

Biola

# Derfor bør du gi tarmen oppmerksomhet

Når ein kjem inn i butikken, handlar ein på vanleg måte. Handelen vert avslutta i ei sjølvbetent kasse der ein skannar varene. Med strekkoden på kvitteringa låser ein seg så ut av butikken. Slik blir handelen både enkel og trygg.



Annbjørg Førde ved betalingsautomaten er fast kunde og storfornøgd med omlegginga av Nærbutikken.  
**FOTO:** ANNE MARIE RUUD

Når det gjeld varer som alkohol og tobakk, må kundane vere registrert med fingeravtrykk. Utanom betent opningstid er butikken knytt opp mot ein

kundesentral, som kan hjelpe kundane ved behov.

## Omsetnadsauke

Solheim opplyser at butikken i mange år hadde ein tøff økonomi med raude tal. Denne negative utviklinga har heldigvis snudd, og i fjor viste drifta overskot med ein auke i omsetninga på om lag fem prosent og rundt fem millionar kroner.

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN



Styreleiar i Nærbutikken, May Helen Vik, med kake og lovprising av dugnadsinnsatsen til bygdefolket.  
FOTO: ANNE MARIE RUUD

Utviklinga så langt i år har også vore positiv. I tillegg til det vanlege vareutvalet, sel dei no også jakt- og fiskeutstyr. I tilknytning til butikken er det dessutan postpakkeutlevering.

Butikken har elles ei ordning der dei yter hjelp til bygdefolket i høve til ulike kommunale tenester.



Lars Myklebust er så visst ikkje skeptisk til digitaliseringa av Nærbutikken. Han er fast medlem i kaféjengen som møtest annankvar dag. **FOTO:** ANNE MARIE RUUD

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN

Skolefrukt gjør det lettere  
å få i barna frukt og grønt.

[Les mer](#)

Skolefrukt.no

### Sosial møteplass

Eit tilbygg, «Kafébygget», med gjennomgang til butikken, har blitt ein populær møteplass for både gamal og ung. Rommet er koseleg og praktisk innreia. Her finst det kaffimaskin og omn for pizzasteiking. Tilbodet er svært populært for ungdom på kveldstid, medan den eldre garde nyttar kaféen på dagtid.




Det vanka både blomar og heider. F.v. ordførar Anne Kristin Førde, snorklippar Kristense Myklebust, styreleiar May Helen Vik, René Sparvath (tilsett), dagleg leiar Vidar Solheim og merkurkonsulent Atle Stalheim.  
**FOTO:** ANNE MARIE RUUD

## Merkurbutikk

Organisasjonen Merkur har vore fagleg ansvarleg for omlegginga av Nærbutikken i Ålfoten. Merkur gjev hjelp til butikkutvikling og nyetablering av butikkar i distrikts-Noreg. Målet er å sikre innbyggjarane i distrikta tilgang til ein nærliggjande daglegvarebutikk, med god kvalitet og med tilleggstenester.

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN



Dette aukar omsetninga, sikrar vidare drift og gjev innbyggjarane betre tilbod. Merkurkonsulent Atle Stalheim opplyser at butikken i Ålfoten er merkurbutikk nummer 100 i landet, og nummer 20 i Sogn og Fjordane/Sunnmøre.



Godt samarbeid mellom dagleg leiar Vidar Solheim og merkurkonsulent Atle Stalheim. **FOTO: ANNE MARIE RUUD**



Det musikalske innslaget stod Ålfoten Hornmusikk for. **FOTO: ANNE MARIE RUUD**



Mange bygdefolk møtte fram til markeringa av opninga av den digitale butikken i Ålfoten. Kake og kaffi blei servert. Brus og is til ungene. **FOTO:** ANNE MARIE RUUD



Bygda ligg ved Ålfotfjorden i Bremanger kommune, og har rundt 200 innbyggjarar. Ålfoten består av fire bygdelag: Vik, Myklebust, Sigdestad og Førde. Bygda har mange aktive lag og organisasjonar, og er med i Liv & Lyst satsinga for utvikling av lokalsamfunn. **FOTO:** ANNE MARIE RUUD

**Publisert:** laurdag 24. august 2024 kl. 19:45

**Oppdatert:** 21 timar sidan



**UTFORSK TEMA:**

[ÅLFOTEN](#)

[BUTIKK](#)

[MERKUR](#)

[NÆRINGS LIV](#)

[JOBB](#)

[ÅLFOTEN HORN MUSIKK](#)

[HANDEL](#)

[UTVIKLING](#)

0 kommentarer

Denne artikkelen har ingen kommentarer.

Si din mening, camilla\_moen

Publiser kommentar